

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

SØNDRE GATE 10

[775] N-10057. Innskrifta stå på eit sidebein av storfe, 165 mm langt, 24-35 mm breitt og 4-7 mm tjukt. Det er runer på den konkave sida av beinet og eit mogleg runeteikn på motsett side. Innskrifta er ca. 40 mm lang og runene 27-35 mm høge. Beinet vart funne i 1971 i feltet T-78 (Søndre gate, sør for Schjoldagerveita). Arkeologisk datering av funnlaget ligg ikkje føre. R. 1 på side a er defekt fordi beinet er avbrote i nedre kanten og er av den grunn uviss. Det som står att, vitnar mest om ein **p**, men om vi samanheld med r. 5, **u**, ser vi at bogen også der står eit godt stykke ned på staven. Vi kan såleis ikkje sjå bort frå at r. 1 også skal vera **u**, jamvel om bogen der, i motsetnad til r. 5, tydeleg svingar litt inn mot staven. Teiknet på side b har ein `stav' som er svakt rissa med to parallelle strekar i full høgde og ein tredje som rekk til øvste eller nedste kvist alt etter kva veg vi les det. Denne øvste eller nedste `kvisten' kryssar dei to `stavstrekane'. Det er usikkert om dette er eit runeteikn eller ei. Lese frå den eine sida kan det med nokon tvil oppfattast som (påbyrja) **f**.

ᐃ ᐢ ᐢ ᐢ ᐃ ᐣ

a) **p**(?) **i l i u m**

Ʒ(?)

b) **f**(?)

Båe lese måtane av side a kan isolert sett gi ei språkleg meining - ved lesinga **pilium** kan det vera dat. pl. både av *pil* n, `dele, skilje', *pilja* f `tilje, gangbord eller dekkbord på eit skip'. Det kan også vera 1. pers. pl. av verbet *pilja*, `leggja tiljer, dekk på skip' osb. Om r. 1 skal lesast som **u**, og heile innskrifta som **uilium**, kan vi ha å gjera anten med 1. pers. pl. av verbet *vilja* eller av verbet *velja*. Men same kva lesinga her skal vera, blir naturleg nok meininga i ein vidare samanheng liggjande i mørkre, og det å freista finna moglege kontekstar for det eine eller det andre valet vil nødvendigvis bli heilt ad hoc og kan ikkje bli anna enn gissing.

Den moglege **f**-en på den konvekse sida av beinet vil vel alltid kunna sjåast som ein påbyrja **fupork**, men som vi har sett, må det reisast sterk tvil om det er eit runeteikn vi har å gjera med her. I så fall kan det vera med å understreka at innskrifta også på a-sida er noko uavslutta, som av ein eller annan grunn har vorte lagt til sides eller kasta. Det er ingen drag ved runeformene som gir grunnlag for nærare datering av innskrifta.